

Referat frå soknerådsmøtet torsdag 26.08.2021.

Til stades: Svein Lunde (leiar), Wenche Andersen Helland, Sigrid Marie Fangel, Tom Rydland (på Skype), Anne Marie Røed, Herman Inge Aadland, Roald Drønen (sokneprest) og Sigurd Andre Maraas (kommunal representant). Dessutan møtte kyrkjelydspedagog Randi Lønning Matre og kontormedarbeidar Elisabeth Søndena Oma til første del av møtet.

Håkon Rydland Sæbø og Åse Rygg H. Nøttveit hadde forfall. Ingen av dei innkalla vararepresentantane møtte.

Svein Lunde ynskte velkommen og opna møtet med ord for dagen. Han leia også møtet vidare.

Sak 2021/43 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste samrøystes vedtekne.

Sak 2021/44 012.1 Referat frå møtet 21. juni 2021

Vedtak: Referatet godkjent utan merknader.

Sak 2021/45 Høyring om ny kyrkjeleg organisering – ei innføring saman med staben.

Det var til denne saka staben var innkalla. Saka fekk ein mjuk og sosial start med pizza og lett samtale. Dette var soknerådet si første samla og målretta involvering i dette temaet, eit tema som vil krevja ein vesentleg innsats av oss denne hausten. Som ein god inngang i problematikken vart det vist ein informativ film som tek for seg Müller-Nilsen-utvalet sine modellar for mogeleg framtidig organisering/struktur. Her var mykje å fordøya, og medlemene vart sterkt oppmoda om å sjå filmen om att heime. Gjerne fleire gonger. Filmen er å finna på kirken.no/kirkeliqorganisering. Kyrkjeverja delte vidare ut «**Prosess for høyringssak om kyrkjeleg organisering 2021 i BJØRGVIN BISPEDØME**», utarbeidd av Liv Kari Bru (Leiar Bjørgvin kyrkjeverjelag) og Jan Ove Fjelltveit (Stiftsdirektør i Bjørgvin bispedøme). **Dette skrivet vert ein del av heimeleksa før neste soknerådsmøte!**

21. september er me kalla inn til møte om denne saka på prostiplan. Dette møter finn stad i Nysæter kyrkje. For å få best mogeleg utbytte av denne samlinga, er det her også ein fordel med god førebuing.

Det vart ikkje fatta vedtak i denne saka.

Sak 2021/46 Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet

Avviklinga av sommarferien har gått fint både i kyrkja og på kyrkjegarden. Gudstenestene har vore leia av Laila H. Røksund (4), Runar Larsen (2) og Herman I. Aadland (1), og Harald Rydland, Audun Instefjord og Harald Skumsnes har vikariert for organisten. Innleigde folk har vore med og halde kyrkjegarden vakker og velstelt. Elles rauk startmotoren på kyrkjegardstraktoren. Ny startmotor var vanskeleg å få tak i, og svært dyr. Difor er no traktoren seld og bytt ut med ein ATV med hengjar. Det har vore 5 gravferder i ferien. Og Jan Overweg hadde to lunsjkonsertar i kyrkja i juli månad. Det har vidare vore arrangert to temakveldar med rimeleg godt besøk. Så har det vore open kyrkje eit par torsdagskveldar gjennom sommaren. 22. juli vart det ringt med kyrkjeklokkene i samband med 10-årsmarkeringa for udåden i Oslo og på Utøya.

Så er det komme ny informasjonstavle ved kyrkjegardsporten. Denne har god storleik og solid konstruksjon. Det har også vore kyrkjekontroll. Dette er ein eit tilsyn som gjentek seg kvart 4. år og resulterer i oppdatert tilstandsrapport for bygningar m.m.

Saka var ei orientering, og difor utan behov for vedtak.

Sak 2021/47 Økonomirapport 2021 for andre tertial

Kyrkjeverja orienterte om økonomien pr. medio august. Rekneskapen er som forventa. Nokre postar syner overskot, andre underskot. Men summa summarum er me i rute. Det er ei viss spenning knytt til kva høge straumprisar vil få å sei for drifta dei kommande månadene. I oktobermøte bør rådet få på plass klare planar om fornuftig bruk av eventuelt overskot. Måling av tårnet vert utsett til våren 2022.

Saka var ei orienteringssak utan tilråding.

Sak 2021/48 Forslag til kandidatar til styret for Bakken barnehage

Her var saksnummeret feil i innkallinga (48 og ikkje 41) Soknerådsbarnehagen er ei sjølvstendig stifting med eigne vedtekter. Vedtektene vart sende ut saman med innkallinga. Fitjar sokneråd vel styre og styreleiar i stiftinga. Styret skal vera samansett av 3-5 personar. Dei skal veljast for to år om gongen, og på slik måte at det vert overlapping og ikkje full utskifting av styret. Sist gong det var val, var i 2016.

Erling Prestbø har vore leiar gjennom fleire år. Han ynskjer no avløyning. Men han kan vera med som medlem av styret.

Frøydis Almås seier frå seg attval.

Det same gjer **Asbjørn Vik** som foreldrerepresentant (har ikkje lenger born i barnehagen).

Tom Rydland har sagt seg villig til å overta leiarvervet dersom det er stemning for det. Soknerådet er glad for at han stiller seg til disposisjon. Vert han vald, må han erstattast med anna soknerådsmedlem i AU.

Torunn Aarskog stiller seg også til disposisjon for styreverv.

Så bør det vera ein representant frå dei tilsette, valde av staben i barnehagen. Og AU bør føreslå ny foreldrerepresentant.

Vedtak: Soknerådet støttar forslaga slik dei no ligg føre.

Sak 2021/49 Meldingar/open post

Tom Rydland la fram rapport frå strateginemnda sitt arbeid. Nemnda har nedfelt arbeidet sitt i eit skriftleg dokument som var sendt soknerådsmedlemer rett i forkant av møtet. Nemnda fekk ros for arbeidet dei har utført. Dokumentet er innhaldsrikt og offensivt, men nemnda og soknerådet er samde om at arbeidet ikkje er ferdig før ein god del av forslaga er sette ut i livet. Men det som ligg føre så langt, er ein god ressurs. Og det er svært godt å ha i ryggen no når me går mot bispevisitas i månadsskiftet november/desember. All ære til Tom Rydland, Håkon Rydland Sæbø, Anne Marie Røed og Roald Drønen.

Herman I. Aadland la fram gladmelding om at Laila H. Røksund no er godkjend som kandidat for ordinasjon til prest i Den norske kyrkja. Ein grasrotaksjon, blant anna frå Fitjar, førde fram til dette resultatet. Dei som har møtt henne og høyrte henne, veit at dette var ei god avgjerd.

Møtet slutt kl. 21.00

Herman I. Aadland, skrifvarvikar